



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/113787-12

Deres referanse:
20/1128 – 23/32422

Vår dato:
22.06.2023

Svar på førespurnad om trekking av motsegn – Detaljregulering – Framo Flatøy AS – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 01.06.2023. Brevet gjeld førespurnad om trekking av motsegn – Detaljregulering for Framo Flatøy. Saman med oversendinga følgjer revidert planforslag etter avgrensa høyring.

Statens vegvesen har gått gjennom plandokumenta med reviderte føresegner. Etter det vi kan sjå er det gjort endringar i tråd med våre merknader. Ved ny gjennomgang er vi blitt merksame på eit anna punkt i føresegnene som også må rettast opp i før vegvesenet formelt kan trekkje motsegna.

Dersom ein ser på illustrasjonsplanen er byggegrensa til framtidig E39 teikna inn med lilla strek. I praksis vil nesten alle SVG områda/arealet liggje innanfor for vår byggegrense langs ny E39. Når vi ikkje kan akseptere «Tekniske bygg og installasjonar» innanfor #1 kan vi heller ikkje akseptere at dei vert plassert innanfor SVG areal mot E39.

Føresegna 3.2.5 opnar for at tekniske bygg og installasjonar kan plasserast i områda der dei ikkje er til hinder for vegformåla. Ordlyden ««ikkje til hinder for vegformål» gjev rom for ei vid tolking. Fordi byggjegrensa til framtidig ny E39 berre kjem tydeleg fram av illustrasjonsplan og mesteparten av SVG areal i reguleringsplanen for Framo Flatøy ligg innanfor vår byggegrense, meiner vi at heile punkt c i føresegnene sitt punkt 3.2.5 må takast ut.

Dersom det vert aktuelt å føre opp installasjonar innanfor desse områda kan dette heller handsamast som ei dispensasjonssøknad der Statens vegvesen får moglegeheit til å vurdere det konkrete tiltaket og kome med uttale.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Oppsummering

Det er som det går fram av dette brevet berre behov for ei mindre justering av føresegnene før Statens vegvesen kan trekkje motsegna som er fremja til reguleringsplanen for Framo Flatøy.

Dersom det er behov for at motsegna vert trekt innan kort tid kan reviderte føresegner sendast direkte på e-post til firmapost@vest.no med kopi til sakshandsamar.

Transportforvaltning

Med hilsen

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.